

# Styremøte

---

## Tid og stad:

Onsdag 23. november 2016 kl. 18.00 på klubbhuset.

## Saksliste:

- |       |                             |
|-------|-----------------------------|
| 35/16 | Radio i treningsstudioet    |
| 36/16 | Plakatar i treningsstudioet |
| 37/16 | NFIF-lisens Sjutoppsturen   |
| 38/16 | Medlemsregistrering NIF     |
| 39/16 | Kjøkeninnreiing             |
| 40/16 | Eventuelt                   |

## Oppmøte:

Leiar Anne Bjørg Bringsvor, nestleiar Endre Vorren, sekretær Eirik Voksøy Bringsvor, kasserar Svein Helge Bringsvor, styremedlem Knut Olav Skare og vara Gunnhild Bringsvor.

## Forfall:

Ingen forfall.

## Referat:

*Sak 35/16 Radio i treningsstudioet*

Ønske frå abonnentar om å plassere radio i treningsstudioet. Stor stemning for å gjere det, pris rundt 1000 kr – det må vere ein DAB+.

Presisering: Dei som ikkje har smarttelefon, kan ikkje lytte til radio via fjernsynsapparatet når fibernettet er på plass og TV-en er brukande.

**Vedtak: Eirik får tak i ein DAB+-radio.**



*Sak 36/16 Plakatar i treningsstudioet*

Vi bør få tak i instruksjonsplakatar til å henge opp i treningsstudioet. Det har også kome ønskje om dette, og Eirik har sjekka kva som er tilgjengeleg. Det vil koste bortimot 300 kroner per plakat. Det er fire-fem av dei som Sportsmaster har (same bedrift som vi kjøpte apparata frå) som er aktuelle for oss. Plakatane er utarbeidde av kompetente folk sentralt i idretts-Norge.

**Vedtak: Eirik bestiller plakatar for inntil 1 500 kroner.**

*Sak 37/16 NFIF-lisens Sjutoppsturen*

Anders (trimgruppa) har fått ein e-post frå Friidrettsforbundet om at dei kjem til å skjerpe inn kontrollen av arrangørar av løp, med tanke på innkrevjing av lisens (forsikring) for deltakarane. Vi har ikkje praktisert dette til no. Anne Bjørg har sjekka saken nærmare, og kan bekrefte at vi ikkje er medlem i NFIF. Styret synest det er merkeleg at forbundet kan krevje dette av oss så lenge vi ikkje er medlem i forbundet – kan det vere ein «klausul» i medlemskapet vårt i NIF?

**Vedtak: Vi sjekkar saken nærmare.**

*Sak 38/16 Medlemsregistrering NIF*

Idrettsforbundet har gått ut med fylldig info, blant anna om at medlemmer i idrettslaget no skal registrerast elektronisk. Med tida vil dei også at den enkelte medlem skal gå inn og verifisere sitt medlemskap. Vi stiller spørsmål om dei har tenkt på at mange eldre folk ikkje har snøring på slikt. Dei informerer også om mindre endringar som skal gjerast i vedtektene eller lovene til idrettslaget, og desse skal vedtakast av årsmøtet.

**Vedtak: Vi avventar krava, og følger desse etter kvart.**



*Sak 39/16 Kjøkeninnreiing*

Kiosknemnda ønskjer å skifte ut kjøkeninnreiinga. Vi har fått tilbod frå Karina og Simone som har kjøpt huset til Per-Ditlef på Helland. Det er også nokon i Ørsta som gir bort innreiing. Styret meiner vi skal få tak i noko som er skikkeleg, når vi først skiftar ut. Anne Bjørg vil også vaske ned kiosken og male veggane.

**Vedtak: Anne Bjørg vurderer om innreiinga på Helland er godt nok, og organiserer vidare. Kjøper også inn maling.**

*Sak 40/16 Eventuelt*

Diskutert litt rundt fotballtilbodet for 2017. Ønske frå Bjørn Thore (GJ09) om å samarbeide med Larsnes, ved at laget får trene der av og til. Spelarlogistikken for dei ulike laga, og ikkje minst kvaliteten i tilbodet frå oss til den enkelte, er igjen vanskeleg. Styret vil gjerne at det vert eit møte med både foreldre og trenarar, der ein kan stake ut kursen og legge retningsliner for både spelarar, lagleiarar, trenarar og foreldre.

**Vedtak: Først tek Svein Helge kontakt med Kvamsøy IL, og høyrer korleis dei ser føre seg opplegget.**

Møtet slutt om lag kl. 19.30.